



# Referat frå kommunemøte om situasjonen i Ukraina

## torsdag 7. april 2022

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Deltakarar:** Kommunane, fylkeskommunen, KS, helseføretaka, Sivilforsvaret, Røde Kors, NAV, UDI, IMDi og Vest politidistrikt

**Ikkje til stades:** KS, Sivilforsvaret, Austevoll, Gloppen, Kvam, Modalen, Osterøy, Sveio

### Innhald

1. Innleiing .....	1
2. IKT-tryggleik.....	2
3. Orientering frå UDI region vest v/Oscar Nilssen .....	3
4. Orientering frå politiet v/Morten Ørn.....	4
5. Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme .....	4
6. Helse .....	5
7. Rapportering «på samordningskanal» (ikkje informert om i møtet) .....	6
8. Atomberedskap (ikkje informert om i møtet) .....	7

### 1. Innleiing

Av alle konsekvensane av krigen i Ukraina, er det framleis flyktningproblematikken som dominerer kvardagen vår, og som difor vil vere hovudtema for møtet.

Krigen har mange andre sider òg, ikkje minst når det gjeld det tryggleikspolitiske bildet. På Regjeringen.no vart det t.d. publisert ein artikkel i går, der budskapet er at den endra tryggleikssituasjonen stiller nye krav til beredskapen vår. Regjeringa føreslår å løyve 100 millionar kroner m.a. til innsats mot framand etterretning og samansette truslar.

Regjering si pressemelding:

[https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-vil-styrke-sikkerheten-sarlig-i-nord/id2907492/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetsvarsel20220406](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-vil-styrke-sikkerheten-sarlig-i-nord/id2907492/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20220406)

De treng ikkje sende inn den ordinære veker rapporten komande veke, og Hdir sa i går at i veka etter påske vert rapporteringsfristen flytta frå måndag til tysdag. Vi har fått spørsmål om kor lenge rapporteringa må halde fram. Tanken var nok at den positive utviklinga i pandemien òg gir grunn til å redusere frekvensen, eventuelt avvikle rapporteringa.



Når krigen no gir heilt nye problemstillingar, pågår det ein diskusjon om både innhaldet i rapporteringa og frekvensen. Inn til vidare held rapporteringa fram som før, men det kan raskt kome endringar i innhaldet viss det er trong for andre typar opplysningar.

Det er ein hektisk møteaktivitet, og akkurat no deltek vi frå embetet på eit samvirkemøte mellom dei involverte direktorata og Forsvaret. Vi ønskjer å kunne formidle vidare ny kunnskap og nye signal så fort som mogleg til kommunane. Vi vurderer difor om vi må justere tidspunkt for kommunemøta, dvs. flytte det éin time. Vi kjem i så fall tilbake med opplysningar om det etter påske. Gje oss gjerne ei skriftleg tilbakemelding (i møtechatten eller e-post) viss de har sterke synspunkt i så måte.

Talet fordrivne frå Ukraina er høgt og framleis stigande. Regjeringa har lagt ut ein artikkel om justerte scenario for kor mange som kan forventast å kome hit til landet: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/utlendingsdirektoratet-udi-har-i-dag-presentert-scenarier-for-ankomster-av-ukrainske-flyktninger-i-2022/id2907741/>

## 2. IKT-tryggleik

Som nemnt i e-posten til kommunedirektørane på tysdag, bestemte Justis- og beredskapsdepartementet for ei tid sidan å setje i verk enkelte beredskapstiltak, motivert av den spente tryggleikspolitiske situasjonen i Europa. Føremålet er å vere best mogleg førebudd ved eventuelle cyberhendingar som kan påverke norske verksemder, både offentlege og private.

Eit av tiltaka er å kontrollere eigen responskapasitet. No oppmodar departementet om å gjere meir inngåande vurderingar av tiltak for å sikre den. Det bør gjerast ein analyse av evna til respons, og gjennom den identifisere nødvendige oppfølgingspunkt. Det omfattar m.a. høve til å ta i mot og gje støtte ved behov, gjennomgå rutinar for utvida drift og øve og trene på hendingar.

Kommunal- og distriktsdepartementet og KS sendte i mars eit felles brev til kommunane om temaet digital tryggleik:

<https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/kompetanse-og-verktoy/informasjonssikkerhet-og-personvern/rader-kommunene-til-a-se-pa-it-sikkerhetstiltak/>

I brevet vart det tilrådd tiltak knytt til desse områda:

- Tryggleiksovervaking
- Sikring av kritiske funksjonar og tenester
- Vern av tenester som er tilgjengeleg på Internett
- Årvakenheit og teknologi



Vi fekk Lars Tveit, som leiar Region Nordhordland IKS si avdeling for digitalisering og innovasjon (DI), til å seie litt om korleis kommunane i Norhordland jobbar med denne problematikken.

### **Orientering frå Tveit:**

Presentasjonen til Tveit ligg vedlagt i utsendinga av møterefateret.

Region Nordhordaland IKS har hatt eit prosjekt om tryggleiksorganisering for kommunane. I samarbeidet er det 11 kommunar. Utfordringane for kommunane er å sette lovverk, rettleiarar og rapportar i system. Internkontroll går igjen som ein felles tematikk.

Den nye situasjonen i Ukraina gjer at kravet til informasjonstryggleik og personvern er høgt. Tveit uttrykte at ein må tenke på informasjonstryggleik og personvern som anna beredskap. Region Nordhordaland IKS har lagt til grunn at det er noko ein må jobbe med kontinuerleg. Han sa vidare at det er nødvendig å ha ei berekraftig, langsiktig organisering av tryggleiksarbeidet. Tveit sa at kvar kommune i samarbeidet har oppretta tryggleikskoordinator.

Region Nordhordaland IKS har fire definerte innsatsområde: skildring av internkontroll, tryggleiksløysing organisert og dimensjonert, integrerte prosessar, nye prosessar etablert.

*Kommentar frå IT-leiar i Bjørnafjorden kommune:* Kan du seie noko meir detaljert om korleis de ser for dykk å organisere øving.

*Tveit sitt svar på spørsmålet:* Det vi har planar om er at vi skal detaljere korleis informasjonstryggleik skal innlemmast i kommunane sine planar for beredskap. Ein må legge inn i årshjulet når ein skal trene. Ein tryggleiksansvarleg kan hjelpe kommunane med øving.

### 3. Orientering frå UDI region vest v/Oscar Nilssen

Presentasjonen frå Nilssen ligg vedlagt i utsendinga av møterefateret.

UDI rapporterer at det per i dag er registrert 10 098 asylsøkjjarar frå Ukraina. Det er i tillegg cirka 3 300 som ventar på registrering. Det er teke avgjerd om at Noreg skal motta cirka 5 250 overføringsflyktningar. Av dei som er registrert er det framleis ein del born og mange mødrer med born. Totalt er det cirka 7 900 bebuarar i mottak. Etter registrering blir det avtalt mellom politiet og UDI kvar personane skal reise.

Tal frå berekningsutvalet er nytta i planlegginga for revidert nasjonalbudsjett, dvs. ca. 30 000 flyktningar i 2022 (utanom overføringsflyktningar). Det vert parallelt jobba med andre moglege scenario. Eit høgt er i spennet 90 000-120 000, medan eit midtsenario er i spennet 50 000-70 000 flyktningar. Per i dag brukar UDI eit midtsenario (60 000) som utgangspunkt.



Mottakskapasitet heng òg saman med busetjing. UDI og IMDI samarbeider for å få til rask busetjing. Kompetansekartlegging skal finne stad i busetjingskommunen.

UDI har elles oppretta ei telefonlinje, «Ukrainalinjen», for å svare på spørsmål.

### 4. Orientering frå politiet v/Morten Ørn

Det er etablert preregistrering på alle politistasjonar i Vest politidistrikt. Der kan det avtalast time til asylregistrering. Asylregistrering skjer i Førde og i Bergen. Preregistrering med innkvartering er berre i i Bergen (Kokstad).

Gjennom påska vil ein del politistasjonar halde stengt, då vil preregistreringa vere på Kokstad. Det vil òg vere mogleg å preregistrere seg over telefon gjennom påska. Det kjem informasjon om dette på politiet.no når det er klart.

Talet på preregistrerte i kø i Bergen ligg på mellom 350 og 400, men talet går ganske raskt ned. Politiet har ikkje 100 % oversikt over om alle som ønskjer å søke asyl er preregistrert. Det er ein del som ikkje ønskjer å asylregistrere seg.

Politiet registrerer dei prognosane som UDI har gitt. Dei er usikre på kor mange som kan registrerast på Austlandet, og om dei eventuelt skal fraktast vidare hit. Dei er òg usikre på når dei er ferdig med registrering. Politiet skal uansett ha ein beredskap for preregistrering.

### 5. Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme

Presentasjonen frå Vidme ligg vedlagt i utsendinga av møtereferatet.

Desse spørsmåla var sendt inn på førehand:

Ulvik herad v/Anette Tveiterås Hjeltnes:

*"I Ulvik har me kartlagt bustader til flyktningar og har fått inn ei liste med aktuelle bustadobjekt. Me ynskjer å sikra oss desse bustadane ved å inngå leigekontraktar allereie no, før det er kome flyktningar til oss. Grunnen for dette er at det er ein avgrensa bustadmasse i Ulvik og turistsesongen står for tur med utleige gjennom bl. a. Airbnb. Me tenkjer at kommunen må stå som leigetakar, i alle fall i starten. Eg vil tru at det er fleire mindre kommunar som har same utfordringar som oss med eit avgrensa tal bustader på leigemarknaden og at det er kommunen som må vera avtalepart. Det ville vore nyttig å høyra korleis andre mindre kommunar løyser dette, inngår feks kommunen ein «startavtale» med mål om at det vert eit direkteavtale mellom huseigar og leigetakar innan 6/12 mnd? I forrige runde med mottak av flyktningar stod òg kommunen som avtalepart, og endte opp med å få ein del krav om «renovering» etter utløpt avtaleperiode. Eventuelt har de råd til oss på kva som kan vera ein god måte å ordna dette på?"*



Osterøy kommune v/Ann Kristin Bolstad:

*“Regjeringa sa i møte i mars at kommunane vil få eit tilskot på 50.000 kroner per plass som ikkje blir nytta. Veit ein når dette vert vedteke? Vi kan ikkje sjå å ha motteke informasjon om det.”*

**Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme:**

Trenden er at kommunane svarar i samsvar med det IMDi oppmodar om. Alle som skal busetjast må ha vedtak om beskyttelse og ha gjennomgått forenkla kartlegging. Busetjing inneber eit tilbod om å etablere seg med offentleg hjelp i ein norsk kommune. Busetjing er eit frivillig tilbod for flyktingane. Det er ei stor gruppe som bur privat.

Forenkla kartlegging skal ikkje gjerast for einslege mindreårige.

Det er ein del usikkerheit knytt til dei ulike omgrepa som vert nytta. IMDi har difor laga nokre illustrasjonar for å klargjere (sjå presentasjonen).

*Svar på spørsmålet frå Osterøy kommune:* Så snart IMDi får klarsignal om dette, vil dei kome med informasjon på deira nettside.

*Tilbakemelding frå Vidme på spørsmål frå Ulvik:* Det er skilnad mellom kommunane når det gjeld organisering og erfaringar. Det kan være lurt å gå saman og etablere eit nettverk kommunane i mellom.

Det kom innspel under møtet om at FFKF (fagleg forum for kommunalt flyktingarbeid) kan vere eit eigna forum. Ulvik herad spelar det inn i forumet.

*Spørsmål frå Bergen kommune:* Det er mange på mottak i Bergen og vi trur at mange ønsker å busetje seg her. Kor raskt må vi melde inn dei som ønsker sjølvbusetjing i Bergen kommune, før dei blir plassert i andre kommunar?

*Svar frå Vidme:* Det er ingen regel å verte busett i den kommunen der du bur på mottak. UDI må etablere mottak der det er mogleg. IMDi skal busetje i heile landet, det er viktig å ha ei spreidd busetjing. Viss personen har vedtak og har ein husleigekontrakt, er det viktig å melde det inn så fort som mogleg.

## 6. Helse

RVTS Vest arrangerer seminar 21. April kl. 09-12. Seminaret vert halde i RVTS Vest sine kurslokale i Ulriksdal helsepark. Seminaret handlar om å ta imot folk i krise, med tanke på mottak av flyktingar frå Ukraina.

Tema:

- Kva har flyktingane vi møter opplevd?



## Statsforvaltaren i Vestland

- Korleis hjelpe menneske som har erfart krig, farleg flukt og ankomst til eit ukjent land?
- Erfaringsutveksling, støtte og råd.  
Målgruppe:
- Tilsette i mottakskommunane i region vest og andre relevante ressurspersonar i desse kommunane.

Det er plass til 30 deltakarar fysisk, deltakar som deltek fysisk vert oppmoda om å bli igjen etter samlinga for vidare erfaringsutveksling og nettverksbygging. Det vert også mogeleg å delta digitalt.

Påmelding innan 18.april på følgjande lenke: [21.04.22: Kva trengs no? \(deltager.no\)](https://www.deltager.no/).

Seminaret er utan avgift.

Vi har fått to spørsmål frå Kristin Cotta Schönberg, Askøy kommune:

- Fint om fylkestannlegen (ein eller annan gong) kan informere kort om korleis dei planlegg oppfølging av tannhelsetenesta for flyktningar frå Ukraina.
  - *Tilbakemelding:* Vi vil ha ein dialog med fylkeskommunen om dette og kjem tilbake i eit seinare møte.
- Det er fint å få kommentert regjeringa sin strategi og beredskapsplan for handteringa av covid-19 pandemien, og gjerne eit høve til å diskutere korleis den bør/skal følgjast opp i kommunane.
  - Det er fint om Statsforvaltaren får ei tilbakemelding frå kommunane om at det er ønskjeleg å ha eit eige møte om dette, i så fall vil vi ta initiativ til det.

## 7. Rapportering «på samordningskanal» (ikkje informert om i møtet)

- Som orientert om på eit tidlegare møte, skal Statsforvaltaren annakvar veke rapportere vår samla vurdering av situasjonen i fylket.
- Vi brukar rapporteringsmalen som ligg i CIM, med dei fem overskriftene “situasjonsbilde”, “mediebilde og budskap”, “tiltak som er sett i verk”, “forventa utvikling” og “tiltak som vert vurdert sett i verk”.
- DSB har no presisert kva vi spesielt bør vurdere å omtale under “situasjonsbilde”:
  - Tenesteområde der kapasiteten er pressa
  - Utfordringar knytt til mottak og busetjing av ukrainske flyktningar
  - Problem knytt til bortfall av telekommunikasjon eller digitale tenester
  - Samanfallande hendingar som må handterast
  - Uro blant innbyggjarane som har med krigen i Ukraina å gjere
  - Konsekvensar for lokalt næringsliv på grunn av sanksjonar mot Russland eller svikt i forsyningar av råvarer



## Statsforvaltaren i Vestland

- Hendingar knytt til kritisk infrastruktur
- Tilgang på kjemikaliar og anna som kan ha betydning for produksjonen av drikkevatt
- Andre forhold

Vi ber kommunane om å ha ein låg terskel for å rapportere til oss om desse temaa, men vi forventar ikkje ei fast rapportering ut over den faste vekerapporten.

### 8. Atomberedskap (ikkje informert om i møtet)

- Her er oppdatert status frå DSA:
  - Krigen i Ukraina og rundt kjernekraftverka der er framleis ein trussel mot atomtryggleiken. Russiske styrkar har trekt seg ut av dei nordlegaste delane av Ukraina.
  - Alt tyder på at russiske styrkar no reorganiserer og omgrupperar for nye operasjonar i løpet av nokre veker. Om russiske styrkar får fotfeste og ekspanderer frå aust, sør eller mot Odessa, vil òg South Ukraine kjernekraftverk være utsett. Framtidige kamphendingar i desse områda vil gjere at Zaporizhzhya kjernekraftverk framleis vil vere utsett.
  - NORSAR har meldt at det har vore ein eksplosjon som følgje av militær aktivitet rundt cirka 40 km frå Khmel'nitsky ("Kmel'nisky") kjernekraftverk. Dette er vesentleg nærare enn tidlegare eksplosjonar.
  - Sju av femten reaktorar er i drift . Dei resterande åtte er stengt ned for vedlikehald eller vert heldt i reserve.
  - Ukrainske styresmakter informerte tidlegare i veka om at prosessen med å ta tilbake full styresmaktkontroll ved Tsjernobyl-anlegget har starta. Samtidig kan ikkje rotasjon av driftspersonell skje før tryggleikssituasjonen gjer det mogleg.
  - Zaporizhzhya NPP er framleis under russisk kontroll.